

## **MØTEBOK**

### **REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL**

**Møtedato:** Fredag 17. november 2017

**Stad:** Flå, Flå veksthus

#### **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Ulrikke Ytteborg, rådgjevar

#### Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Anne Sandum, fylkeskontakt

Arne Jørstad, fylkeskontakt

#### Frå rådmannsutvalet møtte:

Ole Johnny Stavn,	Hol kommune
Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Torbjørn Hansen,	Nes kommune (sak 45 – 47)
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune

---

### **SAK 41/17 SLT, ORGANISERING**

Med bakgrunn i endring i organisering av politiet i Hallingdal var det ynskjeleg å drøfte representasjon i Rådet for SLT-Hallingdal.

Frå 1.1.2011, vart ei 50 % stilling som SLT-Koordinator for Hallingdal ei fast regional stilling, med Ål som vertskommune og der det er kommunane i Hallingdal som finansierer ordninga.

Styringsgruppa vart lagt ned, men det vart etablert ei rådgjevande gruppe med samansetning og geografisk fordeling som tidlegare.

Ved val av representantar til Rådet for SLT-Hallingdal i 2015 ynskte Regionrådet for Hallingdal å ha med 3 representantar.

Ole-Reidar Lågrinn, SLT-Koordinator for Hallingdal, orienterte om SLT-Hallingdal.

#### **Vedtak**

SLT Hallingdal (Samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak) har ei fast 50% regional stilling, der Ål er vertskommune. SLT Hallingdal har i tillegg ei rådgjevande gruppe med ein representant frå kvar kommune, som frå 1.1. 2018 vil vera:

- Ordførar Tor Egil Buøen, Flå kommune, leiar
- Ordførar Tore Haraldset, Nes kommune.
- Ordførar Petter Rukke, Hol kommune.
- Rådmann Tone Tveito Eidnes, Ål kommune
- Rådmann Jan Olav Helling, Hemsedal kommune
- Rådmann Hege Mørk, Gol kommune

**SAK 42/17 AKTIVE LOKALSAMFUNN, BUSKERUD IDRETTSKRETS**

Buskerud Idrettskrets ved leiar Roar Bogerud, fungerande org.sjef Øyvind Thorsen og styremedlem Tove Eggen Lien orienterte om «Aktive lokalsamfunn», som er fokus på eit sterkare samarbeid mellom m.a. idretten og kommunane (vedlagt presentasjon).

Spørsmål er m.a.:

- Korleis få best mogeleg oppvekstvilkår, der det frivillige og offentlege samarbeida til beste for barn og unge?
- Korleis bruke idrettsanlegg endå meir aktivt - både for organisert og uorganisert barn og unge?
- Korleis kan det frivillige og offentlege samarbeide for å få endå fleire aktive, og ta ansvar for eigen helse?

I tillegg vart Regional plan for ordinære idrettsanlegg med regional betydning i Hallingdal for perioden 2018-2021 drøfta, med tanke på og eit tettare samarbeid.

Det vart ikkje gjort vedtak, men med bakgrunn i Regionrådet for Hallingdal sine føringar i m.a. Strategisk plan for Hallingdal er det naturleg å sjå på Buskerud Idrettskrets si satsing på «Aktive lokalsamfunn», som eit konkret samarbeidsområde.

**SAK 43/17 STRATEGISK PLAN, TEMA TIL DRØFTING**

Ulrikke Ytteborg og Knut Arne Gurigard orienterte om to aktuelle tiltak relatert til Strategisk plan for Hallingdal:

- Hallingdagen, vertskapskurs
- Næringsvenleg region

Tiltaka vil koma som eigen sak på neste møte.

**SAK 44/17 YRKESMESSA 2018, TILSKOT****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til at det blir løyvd kr. 470.000 til gjennomføring av yrkesmessa 2018, med finansiering frå partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune.
2. Det blir løyvd inntil kr. 100.000 til utforming av felles stand for kommunane i Hallingdal, med finansiering frå næringsfondet. Materiell skal utformast slik at det også kan nyttast i andre samanhengar. Midlane skal disponerast av Regionrådet for Hallingdal.

**SAK 45/17 KROKEIDE FØREBUING SYNFARING**

Regionrådet gjekk gjennom køyreplan for synfaring med Krokeide vgs. 28-29.11.2017.

**SAK 46/17 MØTEPLAN 2018**
**Vedtak**

<b>DATO</b>	<b>TID</b>	<b>STAD</b>	<b>REGIONRÅDET/ HALLINGTINGET</b>
Fredag 26.1.2018	09:00	Hol	Regionrådet
Fredag 23.2.2018	09:00	Nes	Regionrådet
Onsdag - torsdag 14.3-15.3.2018	09:00	Gol	Regionrådet/rådmannsutvalet
Fredag 27.4.2018	09:00	Hemsedal	Hallingtinget
Fredag 25.5.2018	09:00	Ål	Regionrådet
Fredag 29.6.2018	09:00	Flå	Regionrådet
Torsdag - fredag 30.8 - 31.8.2018	09:00	Hol	Regionrådet
Fredag 28.9.2018	09:00	Nes	Regionrådet
Fredag 26.10.2018	09:00	Gol	Hallingtinget
Fredag 30.11.2018	09:00	Hemsedal	Regionrådet
Fredag 21.12.2018	09:00	Ål	Regionrådet

**SAK 47/17 EVENTUELT**
**Bomvegar**

Ordfører Solveig Vestenfor tok opp spørsmålet om status elektroniske vegbommar, som også var sak på Hallingtinget, sak 07/17.

**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal forventar at Vestre Viken, Klinikk for prehospitaltjenester erstatta påført skadeverk på eksisterande elektroniske vegbommar i Hallingdal.
2. Regionrådet for Hallingdal forventar at Vestre Viken, Klinikk for prehospitaltjenester legg til rette slik at ambulanspersonell kan passere eldre elektroniske bommar, som ikkje er tilrettelagt for «fri» passering.
3. Regionrådet for Hallingdal vil ta initiativ til at framtidige elektroniske bommar i Hallingdal blir utstyrt slik at nødetatar kan passere utan å betala bomavgift.

## **Revisjon**

Regionrådet gjennomgjekk si rolle i diskusjon om Kommunerevisjon IKS:

- 30.6.2017, sak 18/17 Eventuelt  
Ordfører Petter Rukke, Hol, orienterte om ei samtale han hadde hatt i april med styreleiar i Kommunerevisjon IKS. Styreleiar formidla via SMS at han ønskte eit møte med ordførarane i Hallingdal.  
  
Ordførarkollegiet vart då samde om å førebu dette møtet. To ordførarar, Solveig Vestenfor (Ål), som nestleiar i regionrådet, og Petter Rukke, fekk i oppdrag å sette opp tema som kunne vera aktuelt å drøfte med styret i IKS-et. (Ordførarane vart aldri kalla inn til møte).
- Utover sommaren og hausten gjekk Rukke og Vestenfor gjennom dokument knytt til Kommunerevisjonen IKS og dei felles kontrollutvalsmøta som hadde vore i Hallingdal.
- 5.september 2017 Sak 25/17 REVISJON  
Regionrådet blei orientert kort om saka, før saka vart utsett til neste møte.
- 29.9.2017 sak 38/17, Revisjon  
Petter Rukke og Solveig Vestenfor orienterte Regionrådet for Hallingdal om sine observasjonar. Dei presiserte at ei tydeleg klargjering av roller for kontrollutval, sekretariat og revisjon måtte takast av kommunane kvar for seg.

## **SAK 48/17 GODKJENNING AV PROTOKOLL 17.11.2017**

### **Vedtak**

Protokollen er godkjent.

Hallingdal 17.11.2017

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune